



Hardangerrådet iks



Til

**Jon Askeland, fylkesordførar**

**Arve Helle, leiar i utval for samferdsle og mobilitet**

**Ann Iren Fagerbakke, direktør mobilitet og kollektivtransport**

**Hardanger, 03.01.25**

**Ferjesambanda i Hardanger. Tiltak og innspel.**

I det siste har det ved fleire høve vore innstillingar på ferjesambandet Tørvikbygd-Jondal, stort sett grunngjeve med operasjonelle årsaker.

Etter det me les i media, er det tale om mannskapsmangel.

Ferjesambandet er mykje brukt av pendlarar mellom Kvam og Ullensvang, i tillegg til at det ligg på ein av hovudvegane mellom aust og vest.

No sist har det vorte sett inn hurtigbåt. Det erstattar berre i nokon grad det heilt lokale behovet. Aust-vest-trafikken må gå andre vegar.

For dei som må nytta vegen over Haukeli er det realistiske alternativet Gjermundshamn – Årsnes i Kvinnherad. Vegane mellom Tørvikbygd og Gjermundshamn og mellom Gjermundshamn og Holdhus er smale og ikkje svært godt eigna for å ta unna auka trafikkmengd.

Hardangerrådet bed om at Vestland fylke saman med operatørane finn løysingar som kan syta for at hendeleg mannskapsmangel ikkje stengjer ned dette viktige sambandet.

No som det skal lagast nye ferjekontraktar, meiner Hardangerrådet at det er påkrevd å utforma kontraktane slik at risikoen for nedstenging av viktige ferjesamband blir lågast mogleg.

Merk: Dette vil bli viktigare og viktigare i åra som kjem, då det er sannsynleg at tilgangen på kvalifisert arbeidskraft blir dårlagare.

Riskoен må reduserast. Til dømes ved at nye kontraktar set krav på kvart einskild samband om back-up-løysingar ved mannskapsmangel.

Om det er vanskeleg eller umogleg å få til på tvers av operatørar, så må det vurderast å utlysa eitt anbod for fleire samband, t.d ved at ein operatør må drifta alle sambanda i eit

større område, t.d. alle ferjesambanda frå og med Kvinnherad til og med indre Hardangerfjorden.

Med venleg helsing Hardangerrådet ved

Timo Knoch, rådsordførar og ordførar Eidfjord kommune

Roald Aga haug, ordførar Ullensvang kommune

Jens Olav Holven, ordførar Ulvik herad

Torgeir Næss, ordførar Kvam herad

